




BERGEN
KOMMUNE

Planstrategi for Bergen 2019–2023

Vedtatt av Bergen bystyre



BYSTYRETS BEHANDLING

Bergen bystyre behandla saka i møtet 22.09.2020 sak 246/20 og fatta følgande vedtak:

1. «Planstrategi for Bergen 2019–2023» blir vedtatt som kommunens planstrategi for valperioden.
2. Det blir ikke starta opp revisjon av kommuneplanens samfunnsdel og arealdel på noverande tidspunkt.

Merknad

Bystyret ber byrådet innarbeide en plan for, hvordan Bergen kommune kan hindre ytterligere tap av matjord, i Temaplan for landbruk som legges frem i 2021. Herunder gjennomføre en kartlegging av areal som ikke lenger er i bruk til landbruk, men som har kvaliteter som produksjonsareal, for å sikre disse mot omdisponering.

INNHALDSLSTE

Bystyrets behandling	2
Forord	4
Om kommunal planstrategi.....	5
Samanhengen i kommunen sine planer	7
Rammer for planlegginga	11
Bør kommuneplanen bli revidert?.....	17
Kva planar skal bli utarbeida?.....	22
Ein rettferdig og inkluderande by	23
Planaktivitet for ein rettferdig og inkluderande by	24
Den grønaste byen i Noreg.....	27
Planaktivitet for den grønaste byen i Noreg.....	28
Ein nyskapande og attraktiv by.....	29
Planaktivitet for ein nyskapande og attraktiv by	30
Ein ansvarleg by	33
Planaktivitet for ein ansvarleg by.....	34
Oversikt over prioriterte tematiske planar	36
Kjelder	43

FORORD

Byrådet sin ambisjon er at Bergen skal vera ein god, rettferdig og inkluderande by, der det er godt å bu for alle uavhengig av økonomi, sosial bakgrunn, funksjonsnivå, livssyn og religiøs tilhøyrsla. Byrådet sitt mål er at Bergen skal vera den grønaste byen i Noreg. Sosial rettferd og økonomisk berekraft må vera grunnlaget for eit bysamfunn basert på fellesskap, gjensidig respekt og tillit. Bergen er ein menneskerettsby og dette forpliktar. Menneskerettar skal, saman med FNs berekraftsmål, ligge til grunn for all planlegging i Bergen kommune.

Byrådet sine hovudmålsettingar er at:

- Bergen skal vera ein rettferdig og inkluderande by for alle, med små forskjellar og like moglegheiter.
- Bergen skal vera Noreg sin grønaste by der klima- og miljøomsyn legg premissane for samfunnsutviklinga.
- Bergen skal vera ein nyskapande, attraktiv og levande by for innbyggjarar og besøkande.
- Bergen skal vera ein ansvarleg by der trygg økonomisk styring blir sett på ein føresetnad for å kunne levere gode tenester av høg kvalitet, også i eit generasjonsperspektiv.

Planstrategien viser kva planar som skal vidareførast og kva planarbeid som kommunen skal prioritere i perioden for å nå desse måla.

Planstrategien bygger på eit kunnskapsgrunnlag som viser dei mest sentrale utviklingstrekka og utfordringane innanfor ei rekke viktige samfunnsområde. I tillegg bygger planstrategien på FNs berekraftsmål, menneskerettane, folkehelseoversikta, nasjonale forventningar til kommunal planlegging og regionale forventningar.

Målet med planstrategien er å styre planressursane til planoppgåver som reflekterer reelle planbehov og oppgåver som har politisk prioritet.



Roger Valhammer
Byrådsleiar, Bergen kommune

OM KOMMUNAL PLANSTRATEGI

Kommunal planstrategi skal avklare kva slags planoppgåver kommunen skal prioritere i bystyreperioden for å legge til rette for ønska utvikling. Planstrategien styrer planressursane til oppgåver som reflekterer reelle planbehov og oppgåver som har politisk prioritet. Visionar, satsingsområde, mål, strategiar og tiltak blir utvikla og vedtatt i planane som følgjer av planstrategien.

Kommunen har plikt til å vedta ein kommunal planstrategi seinast eitt år etter at det nye kommunestyret er konstituert (plan- og bygningsloven § 10-1). Dette betyr at siste frist for at bystyret vedtek ein planstrategi er 30. oktober 2020, og behandlinga gir bystyret moglegheita til å vurdere og ta stilling til kva planoppgåver som skal prioriterast i perioden. Planstrategien er eit styringsverktøy for planlegginga gjennom bystyreperioden.

Kommunal planstrategi skal utformast i tråd med behovet i den enkelte kommune. Det skal ligge ei vurdering til grunn for prioriteringar av planbehovet og denne vurderinga bør bygge på ei drøfting av kommunen sitt planbehov sett i lys av dei utfordringane kommunen har som samfunn og organisasjon. Kva som spelar inn på planbehovet er derfor presentert i eit eige kapitel, medan sentrale utviklingstrekk og utfordringar er presentert i det tilhøyrande kunnskapsgrunnlaget.

Kunnskapsgrunnlaget bygger opp under og overlappar med byrådets fire hovudmål.

Byrådet anbefaler at det ikkje bør bli starta opp ein revisjon av heile eller delar av kommuneplanen på noverande tidspunkt og kapittelet «Bør komonneplanen bli revidert?» grunngir denne anbefalinga. Deretter blir det vist kva planaktivitet ein ønsker å gjennomføre for å nå byrådets fire hovudmål.



Kommunen skal hente inn synspunkt frå nabokommunar, statlege og regionale organ i forbindelse med arbeidet med planstrategien. Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremja berekraftig utvikling i heile landet, og desse ligg til grunn for planstrategien. I dei to føregåande planstrategiprosessane har vi motteke Hordaland fylkeskommune sine generelle og temavise synspunkt på prioriteringar i arbeidet med kommunal planstrategi knytt til vedtatte regionale planar og fylkeskommunen sitt forvaltningsansvar. I skrivande stund har vi ikkje motteke fylkeskommunen sine synspunkt til kommunal planstrategi, men vi har lagt deira utviklingstrekk, hovudutfordringar og høyringsutkast av regional planstrategi til grunn for eige planstrategiarbeid. Dei enkelte fagmiljøa har kontakt med nabokommunar, fylkeskommunen og regional stat, og denne kontakten tek vare på samrådsplikta til kommunen.

Forslag til vedtak av kommunal planstrategi skal gjerast offentleg i minst 30 dagar før bystyret si behandling. Lova set ingen andre krav til medverknad.

Kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for planstrategien bygger på dialog med eldrerådet, kommunalt råd for funksjonshemmede og ungdommens bystyre som svarer til det vi i dag kjenner som eldrerådet, kommunalt råd for personer med funksjonsnedsettelse og ungdomsrådet. Byrådet har vurdert at det ikkje er hensiktsmessig med brei medverknad og allmenn debatt utover dette, men brei, ekstern medverknad vil derimot vera svært viktig i planprosessane som følgjer etter at planstrategien er vedtatt. Det at innbyggjarane har moglegheit til å involvere seg i og påverke planarbeid er viktig for byrådet, og korleis dette skal bli sikra i det enkelte planarbeid blir fastsett i dei tilhøyrande oppstartsakene.

Bystyret skal gjennom vedtaket av kommunal planstrategi ta stilling til om gjeldande kommuneplan heilt eller delvis skal reviderast på noverande tidspunkt. Planstrategien innehold også ein gjennomgang av planbehaldninga til kommunen og oversikt over behov for nye tematiske planar. Planstrategien er ikkje formelt bindande for kommunen og kan fråvikast dersom det er gode grunnar for det. Planstrategien er basert på den kunnskapen vi har i dag, og i løpet av planperioden vil det truleg dukke opp nye og endra planbehov. Det å vedta planstrategien slik den ligg i dag er ikkje eit hinder for at andre planarbeid blir starta opp i løpet av perioden eller at ein startar opp ein revisjon av kommuneplanen på eit seinare tidspunkt.

SAMANHENGEN I KOMMUNEN SINE PLANER

Gjennom planstrategi for perioden 2015–2019 blei det sett i gang eit arbeid for å sjå på forbetingar av kommunens plansystem. Det blei også utvikla ein digital planoversikt over gjeldande samfunnsplanar. Under blir Bergen kommunes plansystem, korleis planar blir utarbeida, planressursar og planar for vidareutvikling presentert.


Kva er kommunal planlegging?

Kommunal planlegging er eit verktøy for politisk styring og seier noko om korleis samfunnet, dei kommunale tenestene og kommunen sin organisasjon skal utviklast, og korleis arealet i kommunen skal bli nytta. Ulike plantypar fyller forskjellige rollar i den kommunale planlegginga. Planstrategien har ei viktig rolle i kommunen sitt plansystemet ved at den prioriterer kva planarbeid som skal bli utarbeida i perioden.

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna styringsdokument, og består av ein samfunnsdel og ein arealdel. Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunen, og vera grunnlag for tematiske planar og verksemda i kommunen. Kommuneplanens arealdel viser samanhengen mellom samfunnsdelen og plan for bruk og vern av areal i kommunen.

Kommuneplanen sin samfunnsdel blir detaljert gjennom tematiske kommunedelplanar og tematiske planar som meldingar, strategiar, temaplanar og

Figur 1: Bergen kommunes plansystem



handlingsplanar, medan kommuneplanens arealdel blir detaljert blant anna gjennom kommunedelplanar og område- og detaljregulering. Strategisk planprogram etablerer eit hovudgrep eller ein arealstrategi for framtidig utvikling på eit overordna, strategisk nivå for det aktuelle planområdet.

Handlings- og økonomiplanen gir anslag på inntekter og fordeler dei økonomiske ressursane for dei nærmaste fire åra, samt spesifisere mål og tiltak som blir planlagt gjennomført for å følgje opp kommuneplanen. Handlings- og økonomiplanen inneheld også budsjett for det første året i perioden.

Figur 1 illustrerer desse samanhengane i Bergen kommunes plansystem.

Med unntak av ei vurdering av kommuneplanens arealdel, er ikkje arealplanlegging ytterlegare omtalt i planstrategien. Planstrategien dreier seg med andre ord hovudsakeleg om samfunnsplanlegging.

Meir om samfunnsplanlegging

I Bergen kommunes plansystem, som blei vedtatt i bystyret i [sak 226/19](#), blir samfunnsplanlegging definert som *all planlegging som krev politiske vedtak, men ikkje har ein arealplan-ID*. Den spenner frå kommuneplanen sin samfunnsdel, samfunnsplanlegging på temanivå til økonomiplanlegging. Samfunnsplanlegging blir følgd opp gjennom aktivitetar i kommuneorganisasjonen, eller i samarbeid med privat, frivillig og offentleg sektor utanfor kommunen. Tiltak krev dekning innanfor økonomiplan og budsjett.

Samfunnsplanlegginga kan legge viktige føringar for arealplanlegginga, men skil seg frå den ved at det ikkje blir vedtatt som rettsleg bindande planar, eller omfattar verkemiddel som blir brukt for å sikre gjennomføring av arealplanar.

I Bergen kommune består samfunnsplanlegginga hovudsakeleg av fire element: kommunal planstrategi, kommuneplanens samfunnsdel, tematiske planar og handlings- og økonomiplanen.

Kapittelet over utdjupar kva ein kommunal planstrategi er, og under står det meir om tematiske planar.



Tematiske planar

Samfunnsplanlegging som ikkje følgjer prosesskrava i plan- og bygningsloven omfattar politisk vedtatte strategiar, verksemdinterne planar, temaplanar og handlingsplanar for sektorar, tenesteområde eller særskilde samfunnstema. I desse dokumenta med tilhøyrande prosessar utviklast mål, strategiar og tiltak som grunnlag for endeleg prioritering i økonomiplan og oppfølging i verksemdplanar. Planprosessane blir designa etter behov.

For å gje betre struktur, system og oversikt i Bergen kommune sin samfunnsplanlegging blir tematiske planar delt opp i fire plankategoriar: melding, strategi, temaplan og handlingsplan.

Det er gjeldande «Oppgaver for Bergen bystyre» og «Byrådets fullmakter» som bestemmer kva planar bystyret skal vedta og kva planar byrådet kan vedta.

Melding

Melding blir definert som ein særskilt orientering til bystyret om eit samfunnstema eller eit saksfelt.

Temaplan

Temaplan er det mest omfattande planverktøyet og skal ha både mål, strategiar og tiltak, og kan ha visjonar og/eller satsingsområdet.

Strategi

Strategiar er ein overordna plankategori i plansystemet, og viser kva som er målet og kva strategiar ein har for å nå måla, men ikkje korleis det skal gjerast gjennom tiltak.

Handlingsplan

Handlingsplanar skal berre innehalde tiltak som skal sikre gjennomføring av vedtatt strategi, temaplan eller utfordringar og mål klarlagt gjennom politiske vedtak eller andre overordna føringer.

Tabell 1: Oppsummering av dei ulike tematiske planane

	Mål	Strategi	Tiltak
Melding	-	-	-
Temaplan	x	x	x
Strategi	x	x	
Handlingsplan			x

Korleis blir planar utarbeida?

Byrådets planinstruks set krav til korleis arbeidet med tematiske kommunedelplanar og tematiske planar som temaplanar, strategiar, handlingsplanar og meldingar skal bli organisert, samt form og innhald i planane. Formålet med instruksen er å sikre effektiv planlegging og gjennomføring av planarbeid. Instruksen skal sikre at den som har ansvaret for eit planarbeid utgreier alle relevante og vesentlege konsekvensar, og legg til rette for intern og ekstern medverknad.

Kommuneplanen, planstrategien og handlings- og økonomiplanen blir utarbeida etter eigne rutinar og i tråd med føringane i plan- og bygningsloven.

RAMMER FOR PLANLEGGINGA

Synleggjering av ny politikk i planstrategien skal bidra til ei klarare kopling mellom politikk, overordna utfordringar, nasjonale og regionale føringar og kva dette avleiar av planbehov og prioritert planinnsats i kommunen. Under er dei viktigaste føringane som planstrategien bygger på gått gjennom.

FNs berekraftsmål

FNs medlemsland blei i 2015 einige om den ambisiøse erklæringa «Agenda 2030» og dei 17 berekraftsmåla for å realisere den. Byrådet meiner at Noreg som eit rikt land har eit stort ansvar. Dersom vi skal lukkast med å nå berekraftsmåla må det gjerast ytterlegare grep som bidreg til å støtte opp om vårt felles arbeid for å nå desse måla i åra som kjem, og det er avgjerande at byane går føre og tek ei leiande rolle i dette arbeidet. Berekraftig utvikling må ligge til grunn og vera eit førande premiss for utviklinga av Bergen og for arbeidet med planar, anten det gjeld økonomisk styring, klimamål eller gode tenestetilbod.

Berekraftsmåla er universelle og fordrar felles innsats også utover utviklingspolitikken. Eit viktig prinsipp er at ingen menneske, grupper, regionar eller land skal utelatast.

Dei 17 måla blir utdjupa og konkretisert gjennom 169 delmål.




Menneskerettane

Bergen er ein menneskerettsby. Det forpliktar. Menneskerettane er universelle i tid og rom, og dei skal ligge til grunn heile kommunen si verksemd. I alt frå innkjøp, medbestemming, utforming av tenestetilbod og forventningar skal Bergen kommune stille krav til samarbeidsaktørar. Menneskerettar handlar om kva by vi skal vera for minoritetar og om nedkjemping av menneskehandel og moderne slaveri. Det handlar om å finne menneskeskapte klimaløysingar på menneskeskapte klimaendringar. Det handlar om retten til å pusta rein byluft, retten til reint vatn og om tilgang til natur og friluft. Det handlar om born sine rettar, om å nedkjempa nød og fattigdom, om rette til å utøva si tru, retten til å elsk den ein vil, om likestilling mellom kjønn, språk og religiøs eller kulturell tilhørsle.

I 1948 vedtok FN Verdsfråsegna om menneskerettane. Den er ikkje juridisk bindande, men alle FN sine medlemsland har sluttar seg til den. Verdsfråsegna understrekar at alle menneske er født frie og med same menneskeverd og menneskerettar. Fråsegna består av 30 artiklar som definerer kva som blir meint med menneskerettar. Seinare har FN vedtatt ni konvensjonar som utdjupar det som står i verdsfråsegna.

I norsk rett har vi ei eiga lov om styrking av menneskerettanes stilling, vedtatt i 1999. Lova gjer fem konvensjonar med tilleggsprotokollar gjeldande i norsk rett:

- Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK)
- FNs konvensjon om sivile og politiske rettar
- FNs konvensjon om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar
- FNs barnekonvensjon
- FNs kvinnekonvensjon





Det er statens sitt ansvar å syte for at menneskerettane til innbyggjarane i landet ikkje blir brotne. Staten har både plikt til å ikkje bryte menneskerettane sjølv, og til å førebygge og forhindre at innbyggjarane bryt kvarandre sine menneskerettar. Menneskerettane grip direkte inn i kommunalt ansvar og oppgåver. Kommunen er derfor ein viktig bidragsytar for å sikre at alle menneske får menneskerettane sine oppfylt.

Bergen kommune bidreg til at innbyggjarane får menneskerettane sine oppfylt. Det skjer gjennom tenester som kommunen tilbyr som skule, eldreomsorg, barnevern, sosialhjelp og integreringstiltak, for å nemne nokon. I tillegg har kommunen igangsett prosjekt og tiltak for å betra menneskerettane, for eksempel helsehjelp til papirlause flyktningar, arbeid med etisk handel og krav til menneskerettighetar i innkjøp.

Folkehelseoversikta

I tråd med folkehelseloven § 6 skal folkehelseoversikta inngå som grunnlag for arbeidet med kommunens planstrategi og forskrift om oversikt over folkehelsen § 5 presiserer at kommunen sitt skriftlege oversiktsskema skal vera klart ved oppstart av arbeidet med planstrategien. Folkehelseloven er, saman med plan- og bygningsloven, ein viktig faktor for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid.

Etat for helsetjenester leverte 26. november 2019 rapporten «[Folkehelseoversikt – Levekår og helse i Bergen 2019](#)» og bystyret behandla rapporten i møte [27. mai 2020](#). Folkehelseoversikta identifiserer folkehelseutfordringar i kommunen og vurderer konsekvensar og årsaksforhold. Oversikta er eit viktig grunnlag for planstrategien og planane som skal blir utarbeida i bystyreperioden.

I rapporten kjem det tydeleg fram at det er store ulikheitar mellom levekårssonene for enkelte indikatorar. Det er også ein tydeleg tendens til geografisk opphoping av ulemper og ein finn same tendens til opphoping i dei same geografiske områda som tidlegare.

Samtidig er fokuset på geografi trekt fram som ei svakheit for folkehelseoversikta. Det er dei bakanforliggande årsakene som arbeid, utdanning og inntekt som gir sosial ulikheit i helse, ikkje geografien i seg sjølv. I oversikta står det at dei geografiske opphopingane truleg først og fremst skuldast at menneske med fleire levekårsutfordringar bur i same område, og at nokon område «tiltrekk seg» menneske med utfordringar på grunn av bustader og bustadprisar.

I tillegg påverkar dei ulike indikatorane kvarandre. Utdanningsnivå og inntekt påverkar helse og trivsel. Det er dette som blir kalla sosiale helseforskjellar - at sosiale og økonomiske forhold påverkar helsa. Dette blir skildra som ei hovud-utfordring i folkehelsearbeidet.



Nasjonale forventningar til kommunal planlegging

Regjering legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremja berekraftig utvikling i heile landet. Dei nasjonale forventningane skal mellom anna følgast opp i fylkeskommunanes og kommunanes arbeid med planstrategiar og planar.

Regjeringa legg vekt på at vi står ovanfor fire store utfordringar:

- å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- å skape eit trygt samfunn for alle

Kommunen har sentrale oppgåver med å handtere desse utfordringane og planlegging er eit av våre viktigaste verktøy.

Regjeringa ønsker at FN sine 17 berekraftsmål skal vera det politiske hovudsporet for å ta tak i vår tids største utfordringar. Dei skal vera ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga.

I tillegg er det ei rekke lover, forskrifter og statlege planretningslinjer og planføresegner som legg føringar for den kommunale planlegginga.

Målet er at planlegginga skal vera behovsstyrt, ikkje gjerast meir omfattande enn nødvendig og vera tilpassa kommunen sin situasjon og utfordring.



Nasjonale forventningar til regional
og kommunal planlegging 2019–2023

Vedteke ved kongeleg resolusjon 14. mai 2019



Kommunal- og
moderniseringsdepartementet

Regionale forventningar

I dei to føregåande planstrategiprosessane har vi motteke Hordaland fylkeskommune sine generelle og temavise synspunkt på prioriteringar i arbeidet med kommunal planstrategi knytt til vedtatte regionale planar og fylkeskommunen sitt forvaltningsansvar.

Den 1. januar 2020 slo fylkeskommunane Hordaland og Sogn og Fjordane seg saman til Vestland fylkeskommune. I skrivande stund har vi ikkje motteke fylkeskommunen sine synspunkt til kommunal planstrategi.

Vestland fylkeskommune har gjennom «Vestland – statistikk og utviklingstrekk», «Vestland - folkehelseoversikt 2019–2023» og «Vestland – utfordringar for fylket og kommunane» publisert kva utviklingstrekk og hovudutfordringar dei legg til grunn for eige planstrategiarbeid. Desse dokumenta har også lege til grunn for kommunens arbeid med sentrale utviklingstrekk og utfordringar.

Vestland fylkeskommune har sendt utkast til regional planstrategi på høyring med frist 28. juni og forventa vedtaksdato er i fylkestinget 30. september 2020.



BØR KOMMUNEPLANEN BLI REVIDERT?

I tillegg til å prioritere kva planar som skal utarbeidast i bystyreperioden, er planstrategien si viktigaste oppgåve å vurdere og bestemme om heile eller delar av kommuneplanen skal reviderast. Under blir det gjort ei vurdering og strategisk drøfting kring behovet for å revidere heile eller delar av kommuneplanen.

Kommuneplanen

Kommuneplanen består av ein samfunnsdel og ein arealdel. Samfunnssdelen *Bergen 2030* blei vedtatt i bystyret 24.06.2015. Arealdelen *KPA2018* blei vedtatt i bystyret 19.06.2019. Begge har eit perspektiv fram mot 2030.

Kommuneplanen skal ha eit handlingsprogram som blir rullert årleg. I Bergen kommune blir kravet om handlingsprogram kombinert med økonomiplanen som blir vedtatt i bystyrets desembermøte.



Samfunnsdelen Bergen 2030

Kommuneplanen sin samfunnsdel legg til grunn ein visjon om at Bergen skal vera ein aktiv og attraktiv by.

Under denne visjonen er det lagt 9 hovudmål som uttrykker kva kommunen ønsker å legge vekt på og prioritere. For kvart hovudmål er det formulert politiske satsingsområdet for å nå desse. Satsingane set menneske i sentrum uavhengig av alder, funksjon og kulturell bakgrunn. Dei ni måla er:

- | | |
|-----------------|------------------------|
| - Gåbyen | - Drivkraft i regionen |
| - Framtidsretta | - Kompakt |
| - Grøn | - Mangfaldig |
| - Engasjert | - Trygg |
| - Særprega | |

Arealdelen KPA2018

Arealdelen følgjer opp føringane frå samfunnsdelen. Hovudgropa i *KPA2018* er:

- å gå frå bilbasert til kompakt gåby
- bestemmingar som sikrar god livskvalitet
- vektlegging av blå og grøne areal

For å nå målet om kompakt byutvikling med gode kvalitetar og ambisjonen om nullvekst i personbiltransporten, inneheld *KPA2018* følgjande:

- senterstruktur med utvida områder for fortetting
- ny inndeling av byggesone med bakgrunn av gang- og sykkelavstand til tenesteyting og kollektivdekning
- styrking av samanheng i blågrøne strukturar (grøntområde og vassvegar)
- krav til bustadsamansetning og kvalitetskrav til byrom
- redusert arealkrav til bustadparkering
- krav til innleiande stadanalyse for å vurdere enkeltprosjekt i samanheng

FNs berekraftsmål

I byrådets plattform står det at plattforma tek utgangspunkt i, og er bygd opp rundt, dei viktigaste dimensjonane i FNs berekraftsmål.

Berekraftsmåla blei vedtatt hausten 2015, medan Bergen kommune sin samfunnsdel blei vedtatt i juni 2015. Berekraft blir omtalt mange stader i samfunnsdelen, men samfunnsdelen er av openberre grunnar ikkje forankra i berekraftsmåla. Dersom samfunnsdelen blei revidert ville det vore naturleg å implementere berekraftsmåla i samfunnsdelen og kople desse mot Bergen sine overordna og langsiktige mål.

Når ein ser samfunnsdelen opp mot berekraftsmåla, er det likevel tydeleg at samfunnsdelen tek opp i seg berekraftsmåla og intensjonen bak desse, sjølv om dei vart vedtatt etter samfunnsdelen.

I samfunnsdelen kjem det tydeleg fram at omsynet til grøn og berekraftig utvikling skal vera eit overordna prinsipp i kommunen si planlegging og verksemd, og at Bergen skal ha berekraftig vekst som tek klima- og miljøomsyn.

Arealdelen bygger på FNs berekraftsmål og skal bidra aktivt til å oppnå dei.

I september 2019 behandla bystyret ei [utgreiing av byrådets arbeid med FNs berekraftsmål](#). Kartlegginga gav ei no-skildring av korleis Bergen kommune sin aktivitet bidreg til FNs berekraftsmål, og er eit utgangspunkt for vidare innsats som aktiv medspelar for å nå dei globale måla. Kartlegginga viste av det blir gjort mykje allereie, så planlegginga i Bergen kommune har allereie tatt innover seg berekraftsmåla sjølv om måla ikkje har vore løfta fram i samfunnsdelen. Under bystyrebehandlinga av kartlegginga vedtok bystyret også at det kvart år skal bli lagt fram ei sak for bystyret om status for Bergen kommune sitt arbeid med berekraftsmåla.

I tråd med byrådet sin politiske plattform blir berekraftsmåla lagt til grunn for all planlegging

I tillegg slår planinstruksen, vedtatt i [byrådssak 1034/20](#), fast at «Bergen skal også være en aktiv medspiller for å virkeliggjøre FNs bærekraftsmål, og bærekraftig utvikling skal være et førende premiss som ligger til grunn for alt arbeid som gjøres. Alle planer skal omtale hvordan de forholder seg til kommuneplanens samfunnsdel og aktuelle bærekraftsmål.» Med andre ord må planlegginga ta innover seg berekraftsmåla, uavhengig av kor synlege dei er i samfunnsdelen og om berekraftsmåla er forankra i eigen strategi eller som vedtak i ein politisk sak.

På bakgrunn av alt dette er det ikkje nødvendig å revidere samfunnsdelen for å synleggjere berekraftsmåla, då det er tydeleg at måla både skal og blir følgd opp likevel.

Menneskerettsbyen Bergen

I juni 2018 vedtok bystyret at Bergen skal bli Noregs første menneskerettsby.

Byrådsplattforma er tydeleg på at Bergen er ein menneskerettsby og at dette forpliktar. Byrådet vil legge menneskerettane til grunn for heile kommunen si verksemd. I alt frå innkjøp, medbestemming, utforming av tenestetilbod og forventningar skal Bergen kommune stille krav til samarbeidsaktørar.

Menneskerettserklæringa bygger på prinsippa om inkludering, likestilling, medverknad, ansvarlegheit og anti-diskriminering. Dette er også gjennomgåande prinsipp i berekraftsmåla. Menneskerettsbyen Bergen heng tett saman med FN sine berekraftsmål, og Bergen kommunes arbeid med berekraftsmåla er eit viktig bidrag for å støtte opp om menneskerettsbyen Bergen.

På same måte som det ikkje er eit hinder for berekraftsarbeidet at berekraftsmåla ikkje er omtalt i samfunnsdelen, er det heller ikkje eit hinder for arbeidet med menneskerettsbyen Bergen. Det er med andre ord ikkje behov for ein revisjon av kommuneplanen for å følgje opp og bygge opp under menneskerettsbyen Bergen.

Nyleg vedtatt arealdel

Arealdelen blei vedtatt av bystyret i juni 2019. Planen er i tråd med overordna føringer og medfører ein streng arealpolitikk med vekt på kompakt byutvikling, samanheng i blågrøne strukturar, gåby og kvalitetar i dei bygde omgivnadane. Planen er under implementering og mange aktørar skal sette seg inn i nytt regelverk. Det vil ta noko tid før planen får satt seg skikkeleg, og det bør ideelt sett gå noko tid før planen blir evaluert med tanke på revisjon og eventuell forenkling.

Revisjon av samfunnsdelen, som gir føringer for arealdelen, kan gi usikkerheit knytt til implementering av arealdelen og føringane som arealdelen har for underliggende plannivå.

Ressurskrevjande

Revisjon av kommuneplan, uavhengig av omfanget av revisjon, krev stor utgreiings- og prosesskapasitet. Prosesskrava frå plan- og bygningsloven er eit element, men *prosessforventningane* kan vera langt større.

Kommunen har ikkje uavgrensa kapasitet. Revisjon av kommuneplanen vil derfor konkurrere både om ressursane og fokuset til planlegginga på temanivå.

Kombinasjon med politisk plattform

Byrådet har utarbeida ein politisk plattform, der byrådet gjer greie for politikken sin og for korleis byrådspartia ønsker at Bergen skal utviklast i åra framover. Sjølv om den politiske plattforma ikkje er ein del av det formelle plansystemet, er dokumentet i praksis førande for byrådets arbeid. Dette har som konsekvens at dersom den politiske plattforma er i konflikt med mål og strategiar i kommuneplanen, må kommuneplanen reviderast.

Byrådet ser ikkje ein konflikt mellom plattforma og kommuneplanen. Derimot utfyller dei to dokumenta kvarandre, ved at kommuneplanen set langtidsmål fram mot 2030, medan plattforma konkretiserer kva byrådet ønskjer å gjere i fireårsperioden for å nærme seg desse måla.

Utviklingstrekk og utfordringar

Samfunnssdelen bygger på følgjande utfordringar: klimautfordring, folkehelse, befolkningsvekst, fleire eldre, bustadbygging, økonomi, regionalt arbeidsmarknad.

Utfordningsbilete, som er presentert i vedlegget [Utviklingstrekk og utfordringar - kunnskapsgrunnlag for Bergen kommunes planstrategi for valperiode 2019–2023](#), er ikkje vesentleg endra sidan 2015 og dette støttar opp om at det enno ikkje er behov for revisjon av samfunnssdelen.

Konklusjon

Samfunnssdelen har hatt ein viktig samlande funksjon for kommunen sitt arbeid, og sikrar at heilskaplege omsyn blir ivaretake innanfor dei ulike tematiske planane. Planen er ambisiøs, framsynt og oppdatert, og er i tråd med overordna føringar og byrådsplattforma. I tillegg byggjer nyleg vedteken *KPA2018* på sentrale føringar i *Bergen 2030*. Byrådet meiner på bakgrunn av dette at det ikkje føremålstenleg å revidere KPS på det noverande tidspunktet.

Arealdelen er i tråd med overordna føringar og medfører ein strengare arealpolitikk med vekt på kompakt byutvikling, samanheng i blågrøne strukturar, gåby og kvalitet i dei bygde omgivnadane. Planen er under implementering og mange aktørar skal sette seg inn i nytt regelverk. Det vil ta noko tid før arealdelen får satt seg skikkeleg, og det bør gå noko tid før planen blir evaluert med tanke på å vurdere revisjon og eventuell forenkling. Arealdelen bør derfor ikkje reviderast på noverande tidspunkt.

Byrådets anbefaling er derfor at det ikkje bør bli vedtatt revisjon av heile eller delar av kommuneplanen på det noverande tidspunktet. Det å vedta at kommuneplanen ikkje skal reviderast no, er derimot ikkje eit hinder for at ein kan vedta oppstart av revisjon seinare i perioden.

KVA PLANAR SKAL BLI UTARBEIDA?

Byrådets ambisjon er at Bergen skal vera ein god, rettferdig og inkluderande by, der det er godt å bu for alle uavhengig av økonomi, sosial bakgrunn, funksjonsnivå, livssyn og religiøs tilhøyrsla.

Byrådet ambisjonar er utdjupa i den politiske plattforma, og kan oppsummerast i fire hovudmål:

1. Bergen skal vera ein rettferdig og inkluderande by for alle, med små forskjellar og like mogleheter
2. Bergen skal vera Noreg sin grønaste by der klima- og miljøomsyn legg premissane for samfunnsutviklinga
3. Bergen skal vera ein nyskapande, attraktiv og levande by for innbyggjarar og besøkande
4. Bergen skal vera ein ansvarleg by der trygg økonomisk styring blir sett på ein føresetnad for å kunne levere gode tenester av høg kvalitet, også i eit generasjonsperspektiv

I dei neste kapitla blir det vist kva planaktivitet og grep byrådet legg opp til å gjennomføre for å nå desse måla.

I dag har kommunen 96 planar som det blir styrt etter. Alle desse planane er gjennomgått og med bakgrunn i sentrale utviklingstrekk og utfordringar, samt viktige føringer som FNs berekraftsmål, folkehelseoversikta, menneskerettane, nasjonale og regionale føringer og ny politikk er det vurdert om det er behov for å oppdatere planane eller om dei bør utgå. I tillegg er det vurdert om det er behov for å utarbeide nye planar for å lukkast med å nå dei overordna målsettingane og føringane.

Det kan dukke opp planbehov i løpet av fireårsperioden som vi ikkje har forutsett i dag. All oppstart av planarbeid skal bli vedtatt i byråd, men dersom det ikkje er forankra i planstrategien skal det i tillegg bli sendt melding om vedtak til bystyrets kontor og sekretariatet for dei tre lovpålagte råda.

Det at innbyggjarane har mogleheit til å involvere seg i og påverke planarbeid er viktig for byrådet, og korleis ein skal sikra god medverknad i det enkelte planarbeid blir fastsett i dei tilhøyrande oppstartsakene.

For ei samla oversikt over den føreslegne planaktiviteten i perioden, sjå kapittelet «Oversikt over prioriterte tematiske planar».

EIN RETTFERDIG OG INKLUDERANDE BY

Bergen skal vera ein rettferdig og inkluderande by for alle, med små forskjellar og like moglegheiter.

Bergen skal fremma rausheit, toleranse, ytringsfrihet og meiningsmangfald. Byrådet tek sterkt avstand frå rasisme, trakassering, diskriminering og antidemokratiske haldningar. Difor vil vi blant anna lage ein handlingsplan for førebygging av radikalisering, hatkriminalitet og valdeleg ekstremisme. Alle innbyggjarar i Bergen skal bli møtt med respekt, uavhengig av bakgrunn. Bergen skal vera ein god by å vekse opp i for barn. Bergensskulen skal ha ein nullvisjon for mobbing, seksuell trakassering, vald, diskriminering og rasisme.

Personer med utviklingshemming skal bli ivaretatt på en god måte, og det skal bli lagt til rette for sjølvråderett og medverknad. Ein god rusomsorg skal også vera ei prioritert oppgåve i åra som kjem. Arbeid og aktivitet gir utviklingsmoglegheiter og sosialt fellesskap for menneske med rusproblem.

Fattigdom er både eit problem for enkeltmenneske og eit samfunnsproblem.

Alle treng ein stad å bu, og byrådet meiner det er viktig at kommunen tek eit særleg ansvar for å sikre at alle bergensarar har tilgang til ein bustad, i gode nabolag som førebygger einsemd og isolasjon. Universell utforming skal ligge til grunn for all byutvikling i byen.



Planaktivitet for ein rettferdig og inkluderande by

I dag har kommunen allereie ei rekke planar som skal bidra til å gjera Bergen til ein rettferdig og inkluderande by og som det ikkje er behov for å oppdatere i denne perioden. Desse framgår av oversikta til slutt i dokumentet og vil bli følgd opp i denne perioden.

I denne bystyreperioden ønsker byrådet å prioritere følgjande planarbeid i sitt arbeid med å sikre at Bergen er ein rettferdig og inkluderande by:

- Utarbeide *Verden i Bergen – Mangfoldsstrategi* som ein overordna strategi som andre planar blir uteleia frå. Den vil erstatte *Verden i Bergen – Plan for mangfold og inkludering 2018–2022*.
- Bergen manglar ein overordna likestillingsplan for både eigen verksemد og byen generelt. Dette vil bli utarbeida ein temaplan ved namn *Plan for likestilling i mangfoldsbyen Bergen*.
- Det er behov for å rullere *Regnbuebyen Bergen – plan for kjønns- og seksualitetsmangfold 2017–2021* for perioden 2022 og utover.
- Det er behov for ein plan som støttar opp om mangfald og breiare deltaking i kulturbyen Bergen, og det skal derfor utarbeidast ein *Plan for deltagelse og mangfold i kunst- og kulturfeltet i Bergen for 2021–2026*. I tillegg skal det utarbeidast ein handlingsplan for auka deltaking i bydelane.
- *Kulturplan for mennesker med utviklingshemming* skal oppdateres. Dette er ei sårbar målgruppe der Bergen kommune er ein viktig kulturleverandør.
- I følgje bystyret sitt vedtak i januar 2019 skal *Et helt liv med mening, vekst og utvikling – plan for tjenester til personer med utviklingshemming 2018–2028* bli rullert midtvegs i planperioden.
- Det skal bli utarbeida ny *Temaplan for habilitering og rehabilitering* som skal erstatte *Mestring og medvirkning – handlingsplan for habilitering og rehabilitering 2018–2021*. Temaplanen vil mellom anna dreie seg om tenesteområdet «tjenester til funksjonshemmede», men fram mot 2023 vil behovet for ein eigen plan for funksjonshemma bli vurdert.
- «Tjenester til funksjonshemmede» er eit eige tenesteområde, men det er per dags dato ikkje ein heilheilskapleg plan for gruppa. Brukarorganisasjonane ønsker ein eigen plan. Fram mot 2023 vil det bli vurdert om tenesteområdet skal ha eigen plan: *Plan for funksjonshemmede*.
- Det er satt i gang ei oppdatering av planen *Omsorg med kunnskap – plan for helseinstitusjoner og boliger med heldøgnsbemannning 2016–2030*.
- *Handlingsplan for forebygging av radikalisering og voldelig ekstremisme* skal bli rullert til *Plan for forebygging av radikalisering, hatkriminalitet og voldelig ekstremisme*. Årsaka er at det er behov for eit oppdatert og overordna plandokument som omfattar fleire diskrimineringsgrunnlag og som også omhandlar førebygging av hatkriminalitet. Dette er ei oppfølging av nasjonalt arbeid på feltet og planen vil bli utarbeida i tett samarbeid med Vest politidistrikt.

- Det skal også utarbeidast ein *Handlingsplan mot muslimhat* som vil vera tett knytt opp til *Plan mot radikalisering, hatkriminalitet og voldelig ekstremisme*. Denne handlingsplanen blir utarbeida etter innspel frå muslimske miljø i Bergen og Vest politidistrikt.
- *Trygg gjennom hele livet – handlingsplan mot vold i nære relasjoner 2019–2023* skal bli oppdatert.
- Det skal bli utarbeida ein ny *handlingsplan for forebygging av negativ sosial kontroll*. Dette er ei oppfølging av nasjonal plan på feltet. Handlingsplanen bør bli utarbeida i tett samarbeid med Vest politidistrikt og RVTS Vest, og blir ein oppfølging av *Plan for likestilling i mangfoldsbyen Bergen*.
- Universell utforming fremmar like moglegheiter for personar med nedsett funksjonsevne med tanke på samfunnssdeltaking og friheit i dagleglivet. Det blir lettare for alle å bevege seg, finne fram og forstå omgivnadane. *Plan for universell utforming* skal omhandle kommunen sitt arbeid med bygg, byrom og byutvikling, styrke kompetansen i eigen organisasjon og bidra til å auke den allmenne forståinga av universell utforming både i kommunen som organisasjon så vel som bysamfunnet. Planarbeidet blei starta opp av byrådet i oktober 2019 basert på planstrategi for perioden 2015–2019.
- Oppdatere *Plan for områdesatsing* sidan utvalet av levekårssone og val av tema for innsats bør bli vurdert i lys av ny folkehelseoversikt.
- Fullføre arbeidet med ny *Boligmelding* som blei igangsett i 2019.
- Arbeidet med *Bærekraftig boligforsyning mot 2030* pågår. Temaplanen skal ta føre seg behov for bustadbygging, bustadkvalitetar, bustadsamansetning og ivaretaking av mangfoldige bamiljø. Arbeidet er forankra i *Melding om program for boligforsyning (207/19)*, og er ei oppfølging av kommuneplanens arealdel. Det skal i tillegg bli utgreia kva juridiske, økonomiske og administrative verkemiddel kommunen har for å sikre varierte bustader til ulik pris.
- Det vil vera behov for å rullere rusplanen *Samarbeid, mestring og verdighet. Plan for rusfeltet 2018–2022* mot slutten av bystyreperioden. Avhengig av vedtak i Stortinget knytt til rusreforma og «NOU 2019:26 Rusreform – fra straff til hjelp», kan kommunen få nye lovpålagde oppgåver.
- Det er behov for ein handlingsplan som kastar lys over utfordringar knytt til ungdomsåra og som sikrar ei meir tverrfagleg og heilheilskapleg innsats både i kommunen og mellom kommunen og relevante offentlege og ideelle/private aktørar. *Handlingsplan for ungdommen 2020–2024* skal derfor utarbeidast. Handlingsplanen er knytt til den overordna planen *Bergens barn – byens fremtid - plan for helsestasjons- og skolehelsetjenesten, psykisk helsearbeid barn og unge og barnevernet i Bergen 2016–2026*.
- *Bergen – en aktiv fairtradeby. Strategi for etisk og rettferdig handel 2018–2022* skal rulleres for 2023 og utover og *Fairtradebyen Bergen. Handlingsplan for etisk og rettferdig handel 2019–2020* skal rullerast for perioden 2021–2022.

I tillegg vil *Plan for psykisk helse* bli fasa ut. Bergen kommune har starta opp eit program for tenesteutvikling (VIP2025). Dette programmet vil engasjere tilsette og brukarar breitt – og arbeide for smartare og meir berekraftige løysingane på dei utfordringane vi står i. Derfor ligg det no til rette for at bystyret bestemmer måla, men ikkje detaljerte handlingsplanar. Det er heller ikkje nokon nye tunge statlege satsingar som Bergen kommune ikkje er førebudd på, og psykisk helse blir omtalt i ei rekke andre planar.

Det blir foreslått å lage ei årleg statusmelding om psykisk helse, der vi løftar fram utfordringane på feltet, angir status for måla som ligg i dagens plan og angir mål for tenestene i åra som kjem – utan at det blir laga ein konkret handlingsplan. Ei årleg statusmelding vil gje meir dagsfersk informasjon enn ein plan. Det kan hende det er behov for ein plan etter kvart, men per dags dato ser ein ikkje dette behovet.

DEN GRØNASTE BYEN I NOREG

Bergen skal vera Noreg sin grønaste by der klima- og miljøomsyn legg premissane for samfunnsutviklinga.

Klimaendringane er vår tids største utfordring og viktigaste solidaritetssak. Bergen bystyre har derfor erklært klimakrise. Klimatiltak er ikkje noko som skal gjennomførast ein annan stad til ei anna tid, og byrådet vil følgje opp krisevedtaket med tiltak og planar som viser at vi tek ansvar og som vil gjera Bergen til Noreg sin mest klima- og miljøvennlege by i tråd med Paris-avtalen. Dette vil med anna kome til uttrykk gjennom ein ny *Grønn strategi* som blir ein rein strategi – eit meir overordna dokument ut frå ny kunnskap og skjerpa fokus på klimautfordringane.

Det å vera ein grøn by handlar også om retten til å puste rein byluft, retten til reint vatn og om tilgangen til natur og friluftsliv. Bergen kommune er ein geografisk stor kommune med betydelege naturområde med rikt biologisk mangfald som er viktig å bevare.

Plastforureining er eit av våre største globale miljøproblem og byrådet ønsker å redusere plastbruken i kommunen. Byrådet ønsker også at kommunen må legge til rette for at fleire kan leva i tråd med naturen sine tolegrensar.



Planaktivitet for den grønaste byen i Noreg

I dag har kommunen allereie ei rekke planar som skal bidra til å at Bergen skal vera den grønaste byen i Noreg og som det ikkje er behov for å oppdatere i denne perioden. Desse framgår av oversikta til slutt i dokumentet og vil bli følgd opp i denne perioden.

I denne bystyreperioden ønsker byrådet å prioritere føljande planarbeid:

- *Grønn strategi. Klima- og energihandlingsplan for Bergen* blei vedtatt i mai 2016. Denne skal bli erstatta av ein ny *Grønn strategi* som blir ein rein strategi – eit meir overordna dokument ut frå ny kunnskap og skjerpa fokus på klimautfordringane. Denne strategien vil bli følgd opp av årlege klimatiltaksplanar
- *Klima – og miljøhandlingshandlingsplan for Bergen kommunes virksomhet 2017–2020* gjeld ut 2020 og det er behov for ei rullering i bystyreperioden.
- Sjølv om *Plan for smartare plastbruk i Bergen kommune 2019–2021* blei vedtatt i september 2019, er det behov for revisjon/rullering av planen
- Det skal utarbeidast ein *Strategi for blågrønne strukturer i Bergen*. Strategien vil omhandle eit særskilt breitt fagfelt, og vil bli følgjt opp av fleire temaplanar og handlingsplanar som er tinga politisk, til dømes vidareutvikling av blågrønt temakart, plan for naturmangfold samt ulike forvaltningsplanar. Den overbyggjande strategien skal gjennom eit samla kunnskapsgrunnlag gi grunnlag for å identifisere mål for vidareutviklinga av dei blågrønne strukturane i Bergen, samt behov for nye/rulleringar av temaplanar og handlingsplanar. Ein viktig del av strategien vil også vera å identifisere grensesnitt og samanhengar mellom ulike planar og handlingsprogram, som allereie er tinga av bystyret.
- Byrådet er i gang med å utarbeide ny *Gåstrategi* og *Sykkelstrategi* som følgjer opp føringane i samfunnsdelen og arealdelen om gåby og legge betre til rette for sykkel i og mellom bydelane.
- For å følgje opp ny sykkelstrategi skal det utarbeidast *Handlingsplan for sykkeltiltak på kommunalt vegnett*.
- Det er behov for ein strategi for å redusere råvarebruk, avfall og utslipp, og auke gjenbruk, materialgjenvinning og energiutnytting, både blant innbyggjarane og i kommunen sin eigen verksemder, og arbeidet med *Sirkulære Bergen – strategi for redusert materielt forbruk* skal derfor starte opp.
- Det skal utarbeidast ein handlingsplan ved namn *Forvaltningsplan for bytrær i Bergen - tiltaksdel* som skal vera tiltaksdel til *Forvaltningsplan for bytrær i Bergen – strategidel* frå 2018.

I tillegg vil status for planane *Grøntmiljøplan 2010–2020*, *Forvaltningsplan for byfjellene Vest*, *Forvaltningsplan for byfjellene nord*, *Forvaltningsplan for byfjellene 2000*, *Bruksplan for Fløyenområdet 2003*, *Forvaltningsplan for vassdragene i Bergen*, *Hjort i Bergen – forvaltningsplan 2012–2020* bli vurdert i forbindelse med arbeidet med *Strategi for blågrønne strukturer i Bergen*.

EIN NYSKAPANDE OG ATTRAKTIV BY

Bergen skal vera ein nyskapande, attraktiv og levande by for innbyggjarar og besökande.

Byrådets mål er å bidra til å skapa ein by som er attraktiv å oppleve, drive næring i, vekse opp i, arbeide i og bu i. Bergen skal vera ein attraktiv by for både for innbyggjarar og besökande. Derfor vil byrådet blant anna i samarbeid med Visit Bergen utvikla ein *Destinasjonsstrategi*, som skal vera ein heilheiskapleg strategi for Bergen som ein berekraftig reiselivsdestinasjon

Levande byområde er viktige for å skapa ein god by. Byrådet ønsker eit mangfald av bustader, bustadstørrelsar, bustadformer, innovative bustadløysingar og arkitektonisk bustadutforming i byen, samt eit rikt og mangfaldig næringsliv i heile kommunen.

Kultur har ein verdi i seg sjølv, i tillegg til at den skapar lokale møtepunkt, legg til rette for gode oppvekstmiljø og har ei positiv påverknad på folk si helse og livskvalitet. Den overordna kulturpolitiske ambisjonen for byrådet er at Bergen skal vera Nordens mest nyskapande kulturby.

Barnehagane og skulane som kommunen eig skal vera attraktive og halda høg kvalitet.



Planaktivitet for ein nyskapande og attraktiv by

I dag har kommunen allereie ei rekke planar som skal bidra til ein nyskapande og attraktiv by og som det ikkje er behov for å oppdatere i denne perioden. Desse framgår av oversikta til slutt i dokumentet og vil bli følgd opp i denne perioden.

I denne bystyreperioden ønsker byrådet å prioritere føljande planarbeid:

- Innanfor kulturområdet skal *Kulturarenaplan for Bergen 2019 til 2030* og *Handlingsplan for Bergen kulturskole – rom og retning 2018–2022* bli revidert/rullert.
- Det skal også utarbeidast ein ny *strategi for ungdomskultur* og ein ny *strategi for seniorkultur*. Bakgrunnen for *strategi for ungdomskultur* er at førre kulturplanen retta mot unge gjekk ut i 2015 og det er behov for ein ny plan. Bakgrunnen for *strategi for seniorkultur* er fleire eldre og auka forsking på verdien av kultur i eldresektoren tilseier eit behov for ein eigen plan for kultur for eldre. Planen vil utfylle andre planar for eldre.
- For å erstatte arkiv-, bibliotek- og museumsplanen for Bergen 2012–2021 skal det utarbeidast ein *plan for arkiv*, ein *plan for bibliotek* og ein *plan for museer og kulturvern*.
- Bystyret har bedt om at det vert starta opp offentleg plan- og programarbeid for transformasjon av Dokken-Jektevikområdet til en ny bydel. For at prosjekter og aktivitetar som vil pågå i en lengre tidshorisont skal kunne styres og koordinerast i same retning, er det behov for å konkretisere en visjon med tydelege strategiske mål som kan ligge til grunn for utvikling av den nye bydelen i ein *Overordna strategi for transformasjon av Dokken*.
- Det er behov for å følgje opp *Arkitektur+ – arkitektur og byformingsstrategi for Bergen* gjennom ny handlingsplan «*Arkitektur +» - gjennomføringsdel».*
- Det er behov for å oppdatere kommunens *Handlingsplan mot støy 2013–2018*. Denne skal bli rullert i bystyreperioden ut frå krav om strategisk støykartlegging.
- Arbeidet med ny *Trafikksikkerheitsplan for perioden 2022–2025* har starta opp. Denne planen vil erstatte *Trafikksikkerhetsplan 2019–2021*.
- Det er behov for å oppdatere *Handlingsplan for trafikksikkerhet 2019–2021*. Ny handlingsplan vil følgje opp ny trafikksikkerhetsplan, og vil innehalde liste over trafikksikringstiltak, prioritert etter resultat frå analysen i planen, samt prioriteringane i overordna planar og strategiar.
- Byrådet er i gang med å utarbeide ny *Kulturminneplan for Bergen*. Denne bygger på vedtatt kulturminnestrategi frå juni 2018. Planarbeidet blei bestilt i førre planstrategi og følger planprogram fastsett av bystyret i november 2018.
- Arbeidet med ny *Sjøfrontstrategi* er i gang. Arbeidet er starta opp basert på vedtak i bystyret i førre periode.
- *Handlingsplan for næringsutvikling 2019–2020* går ut ved årsslutt 2020 og det vil bli utarbeida ein handlingsplan for perioden 2021–2022.

- Gjeldande *Handlingsplan for landbruk* går ut 2020, og det er behov for ein *Temaplan for landbruk* som famnar breiare enn berre tiltak.
- *Handlingsplan Dyrk Bergen – oppfølging av strategi for urbant landbruk i Bergen 2020–2023* skal bli utarbeida for å følgje opp strategien *Dyrk Bergen*.
- Det er behov for ein *Temaplan for skogbruket*.
- I samarbeid med Visit Bergen vil det bli lagt fram ein *Destinasjonsstrategi*. Dette skal vera ein heilheilskapleg strategi for Bergen som ein berekraftig reiselivsdestinasjon. Denne skal innehalde alle typar reiseliv – også cruise og vil derfor erstatte *Cruisestrategi 2016–2020* og *Begrensing av cruisetrafikk i Bergen*.
- Det er behov for ei oppdatering av *Aktiv by – friske bergensere – folkehelseplan 2015–2025* og at den blir harmonisert med kommuneplanen sin samfunnsdel.
- Det skal bli utarbeida ein *Temaplan for forskning, innovasjon og utdanning i helse- og omsorgstjenestene*. Eksisterande plan gjekk ut i 2019 og det er behov for ein temaplan på feltet. Planen vil bli utarbeida i samarbeid med BASB.
- Det er behov for å utarbeide ein ny plan for legetjenester som erstattar *Plan for legetjenester 2017–2022*.
- Det er behov for ei oppdatering av *Plan for frivillighet*.
- Byrådet er i gang med å utarbeide *Strategi for digitalisering i Bergen kommune 2020–2024* som erstattar *Digitalisering og innovasjon i Bergen kommune 2017–2020*.
- Det er behov for ei oppdatering av *Plan for Smart oppvekst i Bergen – en plan for digitalisering og innovasjon i barnehage, skole og idrett 2019–2022* når tidsperioden for dagen plan går ut.
- Det er behov for ein rullering av anleggsdelen i *Idrettsbyen Bergen – aktiv og attraktiv for alle 2017–2027* kvart fjerde år. Dette er i tråd med føresetnadane i den statlege spelemiddelordninga.
- Det skal bli utarbeida ei *Kvalitetsmelding for bergensskolen*. Meldinga vil vise status og utfordringar i skulen, og legg grunnlaget for debatt i bystyret om innhald og kvalitet i skulane. Meldinga vil også vera ein kunnskapsstatus for kvalitetsutviklingsplanen.
- *Sammen for kvalitet – læring. Plan for kvalitetsutvikling i bergensskolen 2016/2017–2019/2020 (-2020/2021)* skal bli rullert. Planen blei vedtatt i november 2016 og det blei vedtatt at planen skulle rullerast kvart fjerde år. Bystyret vedtok ei prolongering av kvalitetsutviklingsplanen i november 2019 og fatta følgjande vedtak: «Kvalitetsutviklingsplanen, Sammen for kvalitet – læring, prolongeres ett år og gjelder ut skoleåret 2020/2021.»
- *Skolebruksplan 2016–2030 Rett bygg på rett sted til rett tid* skal bli rullert. Planen blei vedtatt i juni 2016 og eitt av vedtakspunkta var at planen skulle rullerast om fire år.
- Det skal bli utarbeida ei *Kvalitetsmelding for barnehagene i Bergen*. Meldinga vil vise status og utfordringar i barnehagane, og legg grunnlaget for debatt i bystyret om innhald og kvalitet i barnehagane. Meldinga vil også vera ein kunnskapsstatus for kvalitetsutviklingsplanen.
- *Sammen for kvalitet – lek og læring. Kvalitetsutviklingsplan for kommunale barnehager i Bergen 2018–2021* skal bli rullert når tidsperioden for dagens plan går ut.
- *Barnehagebruksplan 2016–2030 Rett bygg på rett sted til rett tid* skal bli rullert. Planen blei vedtatt i desember 2016 og det blei vedtatt at planen skulle rullerast om fire år.

- Både barnehagen, skulen og det spesialpedagogiske feltet har endra seg sidan *Sammen for kvalitet. Spesialpedagogisk plan 2014–2024* blei vedtatt i 2014. Det har mellom anna blitt innført ein ny rammeplan for barnehagen, *Ekspertgruppen for barn og unge med behov for særskilt tilrettelegging* har lagt fram sin rapport som er følgd opp av ei stortingsmelding om tidleg innsats og inkluderande fellesskap. Samstundes er det foreslått endringar i opplæringslova, det er arbeida med fagfornyng og 0-24-samarbeidet, og til hausten tek grunnskulen i bruk ny læreplan. Det er derfor satt i gang eit revisjons/rullerings-arbeid av spesialpedagogisk plan og *Spør oss! Strategi for inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO* er på høyring fram til 30.09.2020. Arbeidet er forankra i planstrategien for perioden 2015–2019.
- *Bergens barn – byens fremtid – plan for helsestasjons- og skolehelsetjenesten, psykisk helsearbeid barn og unge og barnevernet i Bergen 2016–2026* skal bli oppdatert. Planen blei vedtatt i bystyret i desember 2016, og det er behov for ein gjennomgang av planen.
- Arbeidet med *Student i Bergen – Studentmeldingen 2020* er satt i gang og skal til bystyret for politisk behandling. Den vil erstatte *Studenten mot 2020: studentmeldingen*.
- Byrådet er i gang med å utarbeide *Internasjonal handlingsplan for Bergen kommune* som skal følgje opp kommunens internasjonale strategi.

I tillegg vil desse planane bli fasa ut:

- *Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2015–2020* blei utarbeida av Business Region Bergen, før nedlegginga i 2016. Planen går ut i si noverande form i 2020, og Vestland fylkeskommune (VLFK) arbeider no med Planprogram for innovasjon og næring for Vestland fylke, som skal ferdigstillast september 2020. Planprogrammet består av fire plantema, der «Bergensregionen som motor for utviklinga i fylket» er eitt av fire. Deretter utarbeidast Regional plan for innovasjon og næring, som skal ferdigstillast i april 2021. Bergen kommune vil delta aktivt i utforming av planprogram og den regionale planen. «Handlingsplan for næringsutvikling 2021–2022» er planlagt lagt fram våren 2021.
- *Sjøtransportstrategi 2013–2020* er utdatert og det har ikkje vore intern eller ekstern etterspurnad etter denne. Maritime Bergen har vore ansvarleg for planoppfølginga, og førte planen i pennen.
- *Sentrumsplanen – inspirasjonsplan for Bergen sentrum 2015–2020* er basert på innspel frå bebuarforeiningar, bedrifter og gardeigarar i ni områder i Bergen sentrum. Det er ikkje behov for ein ny plan når denne planen går ut ved årsslutt, men det er nødvendig å arbeide vidare med korleis vi skal nå dei målsettingane som ligg i vedtatt kommuneplan (samfunnssdel og arealdel), og imøtekjem dei utfordringane koronasituasjonen gir for det sentrumsbaserte nærings- og kulturlivet. Korleis dette skal bli gjort vil bli avklart når viktig arbeid med blant anna sentrumsanalyse og destinasjonsstrategi er komme lengre.

EIN ANSVARLEG BY

Bergen skal vera ein ansvarleg by der trygg økonomisk styring blir sett på ein føresetnad for å kunne levere gode tenester av høg kvalitet, også i eit generasjonsperspektiv.

Bergen kommune si viktigaste oppgåve er å tilby gode tenester av høg kvalitet. Byrådets mål er å bidra til å skape ein by som er attraktiv å oppleve, drive næring i, vekse opp i, arbeide i og bu i. Det betyr at ei berekraftig kommunal forvaltning må legga klima- og miljøomsyn til grunn for kommunens verksemd og sikre kvalitativt gode tenester til innbyggjarane i Bergen no og i framtida. Grunnlaget for å lukkast med dette er trygg og ansvarleg økonomistyring og eit samsvar mellom kommunens inntekter og utgifter.

Det å vera ein ansvarleg by handlar også om å ta ansvaret som følgjer med at kommunen er ein stor arbeidsgjevar, innkjøpar og eigar, og at kommunen spelar ei viktig rolle i samfunnssikkerheitsarbeidet.

I tillegg vel kommunen å ta eit spesielt ansvar for å førebygge menneskehandel, overdosar og overdosedødsfall og sjølvmord, samt ivareta veteranane i byen. Kommunen ønskjer også å sikre god dyrevelferd i heile kommunen.



Planaktivitet for ein ansvarleg by

I dag har kommunen allereie ei rekke planar som skal bidra til ein ansvarleg by og som det ikkje er behov for å oppdatere i denne perioden. Desse framgår av oversikta til slutt i dokumentet og vil bli følgd opp i denne perioden.

I denne bystyreperioden ønsker byrådet å prioritere følgjande planarbeid:

- Vedtatt HR-melding blir følgd opp av ei rekke saker og planar i perioden. Nokon av desse skal til byrådet og nokon til bystyret. I tråd med byrådets fullmakter skal byrådet minst ein gong i bystyreperioden legge fram ei sak som gjere greie for utviklingstrekk og overordna utfordringar på arbeidsgivarområdet, og kommunens *HR-melding* vil derfor bli oppdatert i løpet av perioden.
- Det er naturleg å revidere *Etisk standard for Bergen kommune* ein gong kvar valperiode.
- For å få til ei meir heilskapleg satsing på fagopplæring og satsing på lærlingar i Bergen kommune, vil det bli utarbeida ein *Plan for fagopplæring i Bergen kommune*.
- Med bakgrunn i strengare krav til ivaretaking av personvern og stort fokus på digitalisering er det behov for ein *Temaplan for personvern og informasjonssikkerhet*. Denne temaplanen skal erstatte *Strategi for informasjonssikkerhet i Bergen kommune* som er forelda.
- *Dyrevelferdsplan for Bergen kommune 2018–2021* går ut 2021 og det er behov for ein plan frå 2022 og utover.
- *Veteranplan for Bergen kommune – i tjeneste for Norge, med bosted i Bergen 2017–2021* skal bli oppdatert til ei melding som skildrar måla for veteranpolitikken i Bergen, status for veteranplanarbeidet og som bekreftar oppfølginga av dei tiltaka som er i gang.
- I tråd med kommuneloven § 26-1 skal kommunar minst ein gong i valperioden utarbeide ei eigarskapsmelding som skal bli vedtatt av bystyret (kommunestyret), og *Melding om eierskap i kommunenes selskap og foretak* skal derfor bli oppdatert.
- Det er behov for ein heilskapleg eigedomsstrategi for Bergen kommune, og det skal derfor utarbeidast ein *Eiendomsstrategi*.
- Offentlege anskaffingar er eit fagområde i stadig endring og det er behov for eit nytt strategigrunnlag når dagens strategi *Anskaffelsesstrategi for Bergen kommune 2017–2020* går ut.
- Det er behov for å utgreie behovet for og problemstillingar knytt til kommunalt eigarskap av samfunnskritisk infrastruktur, som veg, vatn, avløp og renovasjon, og avklare kommunen sin strategi knytt til dette. Det skal derfor utarbeidast ein *Strategi for kommunalt eierskap til infrastruktur*.
- *Heilheitleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)* for Bergen kommune vert utarbeida og revidert i tråd med Sivilbeskyttelseslova § 14. ROS-analyser skal vera styrande for det førebyggjande samfunnssikkerhetsarbeidet i kommunen. Gjeldande ROS vart handsama i bystyret i 2015 (Bergen-ROS 2014), og

pågåande revisjonsarbeid vart starta opp i 2019 og vil leggjast fram for bystyret i 2020. Ei heilheitleg ROS-analyse skal reviderast kvart fjerde år, og neste revisjon er planlagt starta opp i 2023 for framlegging for nytt bystyre i 2024.

- *Kommunal beredskapsplan* skal utarbeidast på bakgrunn av heilheitleg ROS i tråd med Sivilbeskyttelseslova §15, og skal reviderast og øvast kvart år.
Beredskapsplanen skal innehalde ei oversikt over dei tiltak kommunen har førebudd for å handtera uønska hendingar. Kommunal beredskapsplan i Bergen kommune er delt i ein offentleg administrativ del, og ein operativ del unntatt offentlegheit. Administrativ del reviderast annakvart år, og operativ del kvart år.
- Det er behov for ein *Språkbruksplan* som tek opp i seg fleire element av kommunens språkbruk, mellom anna klarspråk og bruk av dei likestilte skriftsspråka bokmål og nynorsk. Dette er spesielt aktuelt som følgjer av at Stortinget skal behandla og vedta ei ny språklov. Språkbruksplanen vil erstatte *Kåra for nynorsk i Bergen*.

OVERSIKT OVER PRIORITERTE TEMATISKE PLANAR

Oversiktene under viser kommunen sin prioriterte planaktivitet og viser kva nye planar som skal utarbeidast i perioden, kva planar som skal reviderast/rullerast, kva slags vedtatte planar som ikkje har behov for revisjon/rulling og kva planar som skal utgå. Organisasjonsinterne planar og arealplanar er ikkje med i oversikta.

I tråd med Bergen kommunes plansystem opererer kommunen med fire ulike kategoriar tematiske planar. Dette er:

- **Melding** (kunnskapsgrunnlag eller særskilt orientering til bystyret om eit samfunnstema eller saksfelt, men skal ikkje innehalde visjon, satsingsområde, mål, strategiar og tiltak)
- **Strategi** (viser kva som er målet og kva strategiar ein har for å nå måla, men ikkje korleis det skal gjerast gjennom tiltak)
- **Temaplan** (det mest omfattande planverktøyet og skal ha både mål, strategiar og tiltak)
- **Handlingsplan** (skal berre innehalde tiltak som sikrar gjennomføring av vedtatt strategi, temaplan eller utfordringar klarlagt gjennom politiske vedtak eller andre overordna føringar)

På heimesida til kommunen ligg ei [oversikt over gjeldande tematiske samfunnsplanar i Bergen kommune, sortert etter byrådsavdeling](#).

Under følgjer ei oversikt over prioritert samfunnsplanlegging i Bergen kommune i perioden 2019–2023. Oversikta er sortert etter byrådsavdeling. Deretter viser den kva nye planar som skal utarbeidast og kva planar som har behov for revisjon/rulling. Her vises dei pågåande planarbeida først, og dei resterande er sortert etter kva år det er forventa at arbeidet med planen startar opp. Nest sist står planane utan behov for revisjon/rulling og til sist står planane som utgår.

Kort oppsummert viser tabellen at 42 planar blir vidareført utan endringar, 38 planar blir revidert/rullert, 16 planar utgår og 43 nye planarbeid pågår eller blir starta opp i perioden.

Forkortinger

BASB Byrådsavdeling for arbeid, sosial og bustad
BBSI Byrådsavdeling for barnehage, skule og idrett
BEHF Byrådsavdeling for eldre, helse og frivilligheit
BFNE Byrådsavdeling for finans, næring og eigedom
BKMB Byrådsavdeling for klima, miljø og byutvikling
BKML Byrådsavdeling for kultur, mangfold og likestilling
BLED Byrådsleiars avdeling

Ansvarleg byrådsavdeling	Namn på plan/tema	Status	Forventa oppstart	Forventa plan-kategori
BASB	Boligmelding 2014–2020	Behov for revisjon/rullering	Pågår	Melding
BASB	Studentmelding	Ny	Pågår	Melding
BASB	Plan for områdesatsing	Behov for revisjon/rullering	Pågår	Temaplan
BASB	Handlingsplan for ungdommen 2020–2024	Ny	2020	Handlingsplan
BASB	Etisk standard for Bergen kommune	Behov for revisjon/rullering	2020	Strategi
BASB	Fagopplæring i Bergen kommune	Ny	2021	Temaplan
BASB	Veteranplan for Bergen kommune – i tjeneste for Norge, med bosted i Bergen 2017–2021	Behov for revisjon/rullering	2021	Melding
BASB	Trygg gjennom hele livet – handlingsplan mot vold i nære relasjoner 2019–2023	Behov for revisjon/rullering	2021	Handlingsplan
BASB	Bergens barn – byens fremtid – plan for helsestasjons- og skolehelsetjenesten, psykisk helsearbeid barn og unge og barnevernet i Bergen 2016–2026	Behov for revisjon/rullering	2021	Temaplan
BASB	HR-melding	Behov for revisjon/rullering	2022	Melding
BASB	Samarbeid, mestring og verdighet. Plan for rusfeltet 2018–2022	Behov for revisjon/rullering	2022	Strategi
BASB	Et helt liv med mening, vekst og utvikling – plan for tjenester til personer med utviklingshemming 2018–2028	Behov for revisjon/rullering	2022	Temaplan
BASB	Et liv i frihet – plan mot menneskehandel 2019–2023	Ikkje behov for revisjon/rullering	–	–
BASB	Boliger for studenter i Bergen – handlingsplan mot 2030	Ikkje behov for revisjon/rullering	–	–
BASB	Handlingsplan for arbeid og aktivitet for rusavhengige 2019–2022	Ikkje behov for revisjon/rullering	–	–
BASB	Handlingsplan for forebygging av overdoser og overdosedødsfall	Ikkje behov for revisjon/rullering	–	–
BASB	Handlingsplan for selvmordsforebygging i Bergen 2018–2022	Ikkje behov for revisjon/rullering	–	–
BASB	Handlingsplan mot fattigdom	Ikkje behov for revisjon/rullering	–	–
BASB	Handlingsplan mot åpne russcener 2019–2022	Ikkje behov for revisjon/rullering	–	–
BASB	Plan for psykisk helse 2016–2020	Utgår	–	–
BBSI	Sammen for kvalitet. Spesialpedagogisk plan 2014–2024	Behov for revisjon/rullering	Pågår	Strategi
BBSI	Skolebruksplan 2016–2030 Rett bygg på rett sted til rett tid	Behov for revisjon/rullering	Pågår	Temaplan
BBSI	Barnehagebruksplan 2016–2030 Rett bygg på rett sted til rett tid	Behov for revisjon/rullering	Pågår	Temaplan
BBSI	Kvalitetsmelding for bergensskolen	Ny	2020	Melding

Ansvarleg byrådsavdeling	Namn på plan/tema	Status	Forventa oppstart	Forventa plan-kategori
BBSI	Kvalitetsmelding for barnehagene i Bergen	Ny	2020	Melding
BBSI	Idrettsbyen Bergen – aktiv og attraktiv for alle 2017–2027	Behov for revisjon/rullering	2020/2021	Temaplan
BBSI	Sammen for kvalitet – læring. Plan for kvalitetsutvikling i bergensskolen 2016/2017–2019/2020 (-2020/2021)	Behov for revisjon/rullering	2021	Temaplan
BBSI	Plan for Smart oppvekst i Bergen – en plan for digitalisering og innovasjon i barnehage, skole og idrett 2019–2022	Behov for revisjon/rullering	2022	Temaplan
BBSI	Sammen for kvalitet – lek og læring. Kvalitetsutviklingsplan for kommunale barnehager i Bergen 2018–2021	Behov for revisjon/rullering	2023	Temaplan
BBSI	Sammen i vennskap, lek og læring – helhetlig plan for SFO i Bergen kommune	Ikkje behov for revisjon/rullering	–	–
BBSI	Fagarbeidernes rolle i barnehager, skoler og på idrettsfeltet	Ikkje behov for revisjon/rullering	–	–
BBSI	Innhold og organisering av SFO for barn med særskilte behov på 1.–7. trinn og tiden etter skoletid for ungdom med særskilte behov på 8.–10. trinn	Ikkje behov for revisjon/rullering	–	–
BBSI	Plan for seksuell helse, seksualopplysning og seksualitetsundervisning	Ikkje behov for revisjon/rullering	–	–
BBSI	Skyfritt – inkluderende oppvekstmiljø for barn og unge i Bergen	Ikkje behov for revisjon/rullering	–	–
BEHF	Plan for frivillighet	Behov for revisjon/rullering	Pågår	Temaplan
BEHF	Omsorg med kunnskap – plan for helseinstitusjoner og boliger med heldøgnsbemannning 2016–2030	Behov for rullering/revisjon	Pågår	Temaplan
BEHF	Plan for legetjenester 2021–2025	Ny	2021	Handlingsplan
BEHF	Temaplan for forskning, innovasjon og utdanning i helse– og omsorgstjenestene	Ny	2021	Temaplan
BEHF	Temaplan for habilitering og rehabilitering	Ny	2021	Temaplan
BEHF	Aktiv by – friske bergensere – folkehelseplan 2015–2025	Behov for revisjon/rullering	2022	Temaplan
BEHF	Plan for funksjonshemmede	Ny	2023	Temaplan
BEHF	Et eldrevnnlig Bergen – seniorplan 2019–2024	Ikkje behov for revisjon/rullering	–	–
BEHF	En alderdom med mening, mestring og trygghet – plan for helse– og omsorgstjenester til hjemmeboende eldre 2019–2029	Ikkje behov for rullering/revisjon	–	–
BEHF	Maten servert – handlingsplan for mat, måltider og ernæringsarbeid 2018–2023	Ikkje behov for revisjon/rullering	–	–

Ansvarleg byrådsavdeling	Namn på plan/tema	Status	Forventa oppstart	Forventa plan-kategori
BEHF	Plan for legetjenester 2017–2022	Utgår	–	–
BEHF	Mestring og medvirkning – handlingsplan for habilitering og rehabilitering 2018–2021	Utgår	–	–
BFNE	Destinasjonsstrategi	Ny	Pågår	Strategi
BFNE	Temaplan for skogbruket 2020–2030	Ny	Pågår	Temaplan
BFNE	Strategi for digitalisering i Bergen kommune 2020–2024	Ny	Pågår	Strategi
BFNE	Temaplan for personvern og informasjonssikkerhet i Bergen kommune	Ny	Pågår	Temaplan
BFNE	Fairtradebyen Bergen. Handlingsplan for etisk og rettferdig handel 2019–2020	Behov for revisjon/rullering	2020	Handlingsplan
BFNE	Anskaffelsesstrategi for Bergen kommune 2017–2020	Behov for revisjon/rullering	2020	Strategi
BFNE	Handlingsplan Dyrk Bergen – oppfølging av strategi for urbant landbruk i Bergen 2020–2023	Ny	2021	Handlingsplan
BFNE	Eiendomsstrategi	Ny	2021	Strategi
BFNE	Temaplan for landbruk	Ny	2021	Temaplan
BFNE	Handlingsplan for næringsutvikling 2019–2020	Behov for revisjon/rullering	2021	Handlingsplan
BFNE	Dyrevelferdsplan for Bergen kommune 2018–2021	Behov for revisjon/rullering	2022	Temaplan
BFNE	Bergen – en aktiv fairtradeby. Strategi for etisk og rettferdig handel 2018–2022	Behov for revisjon/rullering	2022	Strategi
BFNE	Melding om eierskap i kommunens selskaper og foretak	Behov for revisjon/rullering	2022	Melding
BFNE	Digitalisering og iverksettelse av kanalstrategi i Bergen kommune	Ikkje behov for revisjon/rullering	–	–
BFNE	Dyrk Bergen – strategi for urbant landbruk i Bergen 2020–2023	Ikkje behov for revisjon/rullering	–	–
BFNE	Plan for store arrangementer 2019–2030	Ikkje behov for revisjon/rullering	–	–
BFNE	Matbyen Bergen 2019–2030. UNESCO Creative City of Gastronomy.	Ikkje behov for revisjon/rullering	–	–
BFNE	Begrensning av cruisetrafikk i Bergen	Utgår	–	–
BFNE	Cruisestrategi 2016–2020	Utgår	–	–
BFNE	Digitalisering og innovasjon i Bergen kommune 2017–2020	Utgår	–	–
BFNE	Handlingsplan for landbruk	Utgår	–	–
BFNE	Sentrumsplanen – inspirasjonsplan for Bergen sentrum 2015–2020	Utgår	–	–
BFNE	Sjøtransportstrategi 2013–2020	Utgår	–	–

Ansvarleg byrådsavdeling	Namn på plan/tema	Status	Forventa oppstart	Forventa plan-kategori
BFNE	Strategi for informasjonssikkerhet i Bergen kommune	Utgår	–	–
BFNE	Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2015–2020	Utgår	–	–
BKMB	Bærekraftig boligforsyning mot 2030	Ny	Pågår	Temaplan
BKMB	Sykkelstrategi	Ny	Pågår	Strategi
BKMB	Sjøfrontstrategi	Ny	Pågår	Strategi
BKMB	Gåstrategi	Ny	Pågår	Strategi
BKMB	Plan for universell utforming	Ny	Pågår	Strategi eller temaplan
BKMB	Kulturminneplan for Bergen	Ny	Pågår	Temaplan
BKMB	Trafikksikkerhetsplan 2019–2021	Behov for revisjon/rullering	Pågår	Temaplan
BKMB	Handlingsplan for trafikksikkerhet 2019–2021	Behov for revisjon/rullering	Pågår	Handlingsplan
BKMB	Handlingsplan mot støy 2013–2018	Behov for revisjon/rullering	2020	Handlingsplan
BKMB	«Arkitektur +» - gjennomføringsdel	Ny	2020	Handlingsplan
BKMB	Sykkeltiltak på kommunalt vegnett	Ny	2020	Handlingsplan
BKMB	Årleg klimatiltaksplan	Ny	2020	Handlingsplan
BKMB	Forvaltningsplan for bytrær i Bergen	Ny	2020	Handlingsplan
BKMB	Grønn strategi. Klima- og energihandlingsplan for Bergen	Behov for revisjon/rullering	2020	Strategi
BKMB	Strategi for kommunalt eierskap til infrastruktur	Ny	2020	Strategi
BKMB	Sirkulære Bergen – strategi for redusert materielt forbruk	Ny	2020	Strategi
BKMB	Overordna strategi for transformasjon av Dokken	Ny	2020	Strategi
BKMB	Strategi for blågrønne strukturer i Bergen	Ny	2020	Strategi + temaplanar
BKMB	Klima – og miljøhandlingshandlingsplan for Bergen kommunenes virksomhet 2017–2020	Behov for revisjon/rullering	2021	Handlingsplan
BKMB	Plan for smartare plastbruk i Bergen kommune 2019–2021	Behov for revisjon/rullering	2022	Handlingsplan
BKMB	Hovedplan for avløp og vannmiljø 2019–2028	Ikkje behov for revisjon/rullering	-	-
BKMB	Hjort i Bergen – forvaltningsplan 2012–2020	Ikkje behov for revisjon/rullering	–	–

Ansvarleg byrådsavdeling	Namn på plan/tema	Status	Forventa oppstart	Forventa plan-kategori
BKMB	Forvaltningsplan for vassdragene i Bergen	Ikkje behov for revisjon/rullering	-	-
BKMB	Arkitektur+ – arkitektur og byformingsstrategi for Bergen	Ikkje behov for revisjon/rullering	-	-
BKMB	Bruksplan for Fløyenområdet 2003	Ikkje behov for revisjon/rullering	-	-
BKMB	Forvaltningsplan for byfjellene 2000	Ikkje behov for revisjon/rullering	-	-
BKMB	Forvaltningsplan for byfjellene nord	Ikkje behov for revisjon/rullering	-	-
BKMB	Forvaltningsplan for byfjellene Vest	Ikkje behov for revisjon/rullering	-	-
BKMB	Forvaltningsplan for bytrær i Bergen – strategidel	Ikkje behov for revisjon/rullering	-	-
BKMB	Hovedplan for vannforsyning og avløp 2019–2029	Ikkje behov for revisjon/rullering	-	-
BKMB	Identitet med sær preg – kulturminnestategi 2019–2023	Ikkje behov for revisjon/rullering	-	-
BKMB	Kommunedelplan for overvann 2019–2029	Ikkje behov for revisjon/rullering	-	-
BKMB	Strategi for drift og vedlikehold av det kommunale vegnettet 2019–2028	Ikkje behov for revisjon/rullering	-	-
BKMB	Strategiplan mot fremmede skadelige arter i Bergen kommune	Ikkje behov for revisjon/rullering	-	-
BKMB	Tiltaksplan mot plast- og marin forsøpling	Ikkje behov for revisjon/rullering	-	-
BKMB	Tiltaksutredning for bedre luftkvalitet i Bergen	Ikkje behov for revisjon/rullering	-	-
BKMB	Grøntmiljøplan 2010–2020	Utgår	-	
BKML	Plan for deltagelse og mangfold i kunst- og kulturfeltet i Bergen for 2021–2026	Ny	Pågår	Temaplan
BKML	Handlingsplan mot muslimhat	Ny	2020	Handlingsplan
BKML	Strategi for seniorkultur	Ny	2020	Strategi
BKML	Handlingsplan for forebygging av radikalisering og voldelig ekstremisme	Behov for revisjon/rullering	2020	Handlingsplan
BKML	Kulturplan for mennesker med utviklingshemming	Behov for revisjon/rullering	2020/2021	Handlingsplan
BKML	Handlingsplan for forebygging av negativ sosial kontroll	Ny	2021	Handlingsplan
BKML	Strategi for ungdomskultur	Ny	2021	Strategi
BKML	Regnbuebyen Bergen – plan for kjønns- og seksualitetsmangfold 2017–2021	Behov for revisjon/rullering	2021	Temaplan
BKML	Plan for arkiv	Ny	2021	Temaplan
BKML	Plan for bibliotek	Ny	2021	Temaplan
BKML	Plan for likestilling i mangfoldsbyen Bergen	Ny	2021	Temaplan

Ansvarleg byrådsavdeling	Namn på plan/tema	Status	Forventa oppstart	Forventa plan-kategori
BKML	Plan for museer og kulturvern	Ny	2021	Temaplan
BKML	Handlingsplan for Bergen kulturskole – rom og retning 2018–2022	Behov for revisjon/rullering	2021/2022	Handlingsplan
BKML	Handlingsplan for økt deltagelse i kunst- og kulturliv i bydelene	Ny	2021/2022	Handlingsplan
BKML	Verden i Bergen – Mangfoldsstrategi	Ny	2022	Strategi
BKML	Kulturenraplan for Bergen 2019 til 2030	Behov for revisjon/rullering	2022/2023	Temaplan
BKML	Amatørkulturplan for Bergen 2018–2027	Ikkje behov for revisjon/rullering	–	–
BKML	Bergen kommunes kunstplan for det profesjonelle feltet 2018–2027	Ikkje behov for revisjon/rullering	–	–
BKML	Gravferdsplan for Bergen 2018 til 2028	Ikkje behov for revisjon/rullering	–	–
BKML	Kulturstrategi for 2015–2025	Ikkje behov for revisjon/rullering	–	–
BKML	Kunstformidlingsplan for barn og unge 2020–2025	Ikkje behov for revisjon/rullering	–	–
BKML	Arkiv-, bibliotek- og museumsplan for Bergen 2012–2021	Utgår	–	–
BKML	Verden i Bergen – Plan for inkludering og mangfold 2018–2022	Utgår	–	–
BLED	Helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse	Behov for revisjon/rullering	Pågår	–
BLED	Internasjonal handlingsplan for Bergen kommune	Ny	Pågår	Handlingsplan
BLED	Kommunal beredskapsplan	Behov for revisjon/rullering	2020 2022	–
BLED	Språkbruksplan	Ny	2021	Temaplan
BLED	Bergen og verden – internasjonal strategi for Bergen kommune	Ikkje behov for revisjon/rullering	–	–
BLED	Helhetlig brannsikringsplan. Sikring av tett trehusbebyggelse i Bergen	Ikkje behov for revisjon/rullering	–	–
BLED	Kåra for nynorsk i Bergen	Utgår	–	–
BLED	Studenten mot 2020: studentmeldingen	Utgår	–	–

KJELDER

Under er nokre av dei viktigaste kjeldene for planstrategien oppgitt. Lenkene under kan vera nyttig dersom du ynskjer å fordjupe deg i eitt eller fleire tema som er omtalt i planstrategien.

[FNs bærekraftsmål](#) (2020), FN-sambandet

[Folkehelseoversikt – levekår og helse i Bergen 2019](#) (2019), Bergen kommune

[Instruks for samfunnsplanlegging i Bergen kommune](#) (2020), Bergen kommune

[Menneskeretsloven](#) (1999), Lovdata

[Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging](#) (2019), Kommunal- og moderniseringsdepartementet

[Plan- og bygningsloven](#) (2008), Lovdata

[System for samfunnsplanlegging i Bergen kommune](#) (2019), Bergen kommune

[Utviklingsplan for Vestland 2020–2024. Regional planstrategi - høyringsforslag](#) (2020), Vestland fylkeskommune

[Utviklingstrekk og utfordringar – kunnskapsgrunnlag for Bergen kommunes planstrategi for valperioden 2019–2023](#) (2020), Bergen kommune

[Veileder kommunal planstrategi](#) (2011), Miljøverndepartementet

[Vestland | Folkehelseoversikt 2019-2023](#) (2019), Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune

[Vestland | Statistikk og utviklingstrekk](#) (2019), Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune

[Vestland | Utfordringar for fylket og kommunane](#) (2019), Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune

Foto:

Forsidefoto: Christopher De los ríos

Foto s. 5: Nina Blågestad/Bergen kommune

Foto s. 8: Michael Fousert

Foto s. 13: Iben Kønig

Foto s. 23.: Nina Blågestad/Bergen kommune

Foto s. 27: Hanne Tveit/Bergen kommune

Foto s. 29: Andrew M.S. Buller/Bergen kommune

Foto s. 33: Nina Blågestad/Bergen kommune



BERGEN
KOMMUNE